
Saknr: 2020/60738-9
Saksbehandlar Nils Egil Vetlesand
Dato: 09.10.2020

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse
Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesrådmannen

Saldering av budsjettforslag - budsjett 2021

Finansutvalet gjorde i møte 22. september 2020 slike prosessvedtak vedkomande uttalane frå hovudutval for opplæring og kompetanse og hovudutval for samferdsel og mobilitet:

Opplæring og kompetanse

«Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingnivå og salderingstiltak med slike endra salderingar:

- a) Bruk av disposisjonsfond - 15 mill.
- b) Bruk av pensjonsmidlar - 30 mill.
- c) Reduksjon i klassar og flatt/prosentvis/pro rata effektiviseringstiltak i sektoren - 20 mill.
- d) Reduksjon driftsbudsjett, innarbeiding av enkelte salderingstiltak arbeidsdokument 4/2020 - 10 mill.
- e) Finansutvalet har i denne fasen ikkje teke stilling til dei einskilde salderingstiltaka frå fylkesrådmannen som inngår i punkt d).»

Samferdsel og mobilitet

«Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingnivå og salderingstiltak.»

Hovudutval for samferdsel og mobilitet sin uttale til budsjettet, som finansutvalet slutta seg til, har slik ordlyd:

«Hovudutval for samferdsel og mobilitet viser til presentert opplegg for driftsbudsjett for 2021 og investeringsbudsjett for 2021-2024 og har følgjande uttale:

Hovudutvalet meiner at den årlege statlege fergekompensasjonen (jfr. Kommuneproposisjon) gjer handlingsrom i driftsbudsjettet. Utvalet meiner at følgjande føringar må leggest til grunn for vidare arbeid:

- Ingen takstauke utover prisvekst på buss og bane
- Frekvens på buss/bane fra 2020 til 2021 må aukast jfr. Byvekstavtalen
- Ungdomskortet vert oppretthalde og ein ventar på samordning av kort/soneinndeling.
- Midlar til trafikksikring må ikkje reduserast.
- Det store behovet for vegvedlikehald tilseier at dei aller fleste føreslegne kutt innanfor veg og infrastruktur kan ikkje gjevast tilslutning.
- Det er nødvendig å avsette tilstrekkeleg med midlar til opprydning av ras og flaum i rasfylket Vestland.
- Omsynet til klima og miljø må ligge til grunn for prioriteringane

Investeringsbudsjettet

Hovudutvalet vil vurdere å forskyve oppstart av nye prosjekt som fell under tunelltryggleiksforskrifta i påvente av statleg kompensasjon.

Posten til «Mindre utbedringer» må aukast slik at vi saman med vår egen vegadministrasjon kan få meir vegutbetring for pengane.

Det er viktig å få avklaring på verknadane av dei signaliserte forbetringane i ferjeavløysingsordninga.»

På neste møte i finansutvalet, 29.10.20, vil det bli gjort vedtak om forslag til eit saldert budsjettforslag innanfor dei ulike sektorane.

Fylkesrådmannen vil understreke at prosessvedtaka i finansutvalet, 17.09.20, om uttalen frå hovudutval for samferdsel og mobilitet og hovudutval for opplæring og kompetanse ikkje fullt ut er salderte innanfor dei økonomiske rammene i arbeidsdokument 4/2020. Dette dokumentet vart handsama på møte i hovudutval for opplæring og kompetanse, 16.09.20 (PS 37/2020) og i hovudutval for samferdsel og mobilitet, 16.09.20 (PS 59/2020)

Fram mot neste møte i finansutvalet, 29.10.20, kan hovudutvala leggje fram uttale om aktuelle salderingstiltak innanfor sitt område.

Ein slik uttale kan leggjast fram ved at hovudutvala set denne referatsaka (RS) på lista over politiske saker (PS), og gjer vedtak om aktuelle salderingstiltak slik dei er omtalt i arbeidsdokument 4/2020.